

Helse- og omsorgsdepartementet

Postboks 8011 Dep
0030 Oslo

Vår ref.:

Deres ref.:

Saksbehandler:

Dato:

2012/591 - 314/2013

Gjertrud Jacobsen, 51 96 38 13

21.01.2013

Vedrørende forslag til avvikling av godkjenningsordning for sjukehus

Vi viser til brev av 26.10.2012 med forslag til lov og forskriftsendring for å avvikle gjeldande ordning for godkjenning av sjukehus.

Helse Vest er samd i at gjeldande ordning med godkjenning av sjukehus ikkje lenger er eit egna styringsverkemiddel for å sikre eit likeverdig spesialisthelsetenestetilbod til befolkninga. Som det blir peika på i høyringsnotatet er samfunnsforholda som var grunnlag for etablering av godkjenningsordninga endra. Behov for styring og kontroll blir sikra gjennom andre styringsmekanismar i dag.


Godkjenningsordninga har heller ikkje fungert etter sin hensikt. Ordninga har vore statisk og sikrar ikkje kontroll eller styring med den utviklinga som godkjende verksemdar gjennomgår.


Eit viktig argument for å avvikle ordninga er og det faktum at store deler av spesialisthelsetenesta i dag blir utført som polikliniske tenester og dagkirurgi. Dette er verksemd som ikkje er omfatta av godkjenningsordninga.

I anbodskonkurransar er det vanleg å stille krav om godkjenning for å kunne delta i konkurransen. Vi ser likevel at sjukehusgodkjenninga for private aktørar ikkje i seg sjølve sikrar høg kvalitet på tenestene. Verdien av dette som et kvalifikasjonskrav i anbodskonkurransar er derfor lav knytt til kvalitetsaspektet ved tenesta. Vi ser og at ei fjerning av ordninga i større grad vil likestille alle typar aktørar i denne marknaden, og på den måten kanskje sikre større konkurranse og dynamikk.

Høyringsforslaget er og sendt helseføretaka i regionen. Dei har ingen særskilte merknader til foreslåtte endringar.

Med helsing


Hans K. Stenby
plansjef


Gjertrud Jacobsen
seniorrådgjevar